



## Notat

Dato: 14.08.2019  
Arkivsak: 2018/14417-15  
Saksbehandlar: ash sand

---

Til: Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Nye busskontrakter signert for Rutepakke Bergen sentrum og Rutepakke Bergen nord

Fylkesutvalet vedtok 25.10.18 ambisiøse miljøkrav for rutepakke Bergen nord og Bergen sentrum. For rutepakke Bergen sentrum vart det vedteke elektrifisering tilsvarende 10 linjer i tillegg til trolleybuss. For resterande bussar i begge rutepakkene vart det fatta vedtak om bruk av biogass.

Fylkesrådmannen la i fylkesutvalet 06.12.18 fram ei politisk melding om korleis nemnte vedtak skulle operasjonalisera. Når det gjaldt kravet om elektrifisering i Bergen sentrum opplyste fylkesrådmannen om følgjande:

*«Fylkesrådmannen vil i tråd med vedtakspunkt nr. 1 stille krav i konkurransegrunnlaget om at ein produksjon tilsvarende 10 busslinjer blir utført av elektriske bussar (i tillegg til trolleybussane). Dette vil bli løyst anten ved å stille krav om at eit tal rutekilometer tilsvarte 10 busslinjer må driftast elektrisk eller å peike på kva konkrete linjer som skal elektrifiserast.»*

I meldinga som vart lagt fram 06.12.18 gjorde fylkesrådmannen også greie for at det var utfordringar med å legge opp til biogassdrift på bussane som skulle stasjonera på Straume og Lonevåg.

På bakgrunn av dette vart det for Rutepakke Bergen sentrum stilt krav om at 3,5 millionar rutekilometer per år skal driftast med elektrisk framdriftsteknologi. Dette tilsvasar om lag 80 elektriske bussar. For rutepakke Bergen nord vart det stilt krav om at bussane i Bergen nord som stasjonera på Haukåsanlegget skal driftast med biogass. For øvrige bussar i begge rutepakkene vart det stilt krav om bruk av valfritt fornybart drivstoff.

Konkurranse om dei to kontraktane vart kunngjort 14. desember 2018. Skyss mottok tilbod den 11. april 2019 frå følgjande selskap;

Bergen nord:

- Boreal Buss AS
- Keolis Norge AS
- Vy Buss AS
- Nobina Norge AS
- Norgesbuss AS
- Tide Buss AS

Bergen sentrum:

- Boreal Buss AS
- Keolis Norge AS
- Unibuss AS
- Norgesbuss AS
- Tide Buss AS

Det vart i konkurransen stilt definerte krav til kvalitet og miljø, og tilboda skulle derfor evaluerast basert på kriteriet «lågast pris».

For rutepakke Bergen sentrum vart kontrakt tildelt og signert med Keolis Norge AS i slutten av juni 2019. Selskapet legg opp til bruk av 80 elektriske bussar i tillegg til trolleybussane. Tilboden frå Keolis gjev ein årspris på i overkant av 280 MNOK. I tillegg vil tilboden utløyse ei samla investering (ladeinfrastruktur og nettoppgradering) på 45 MNOK. Etter fråtrekk av støtte frå Enova er kostnaden estimert til 27 MNOK.

For rutepakke Bergen nord er kontrakt tildelt og signert med Tide Buss AS. Deira tilbod gjev ein årspris på 330 MNOK.

### **Meirkostnader knytt til nye kontraktar**

Basert på Fylkesutvalets vedtak frå 25.10.18 og konkurransegrunnlagets krav skildra i meldinga frå desember 2018, estimerte fylkesrådmannen at dei to kontraktane ville gje ein meirkostnad på 46-66 MNOK per år i tillegg til ein investeringskostnad på om lag 80 MNOK som følgje av investeringar i ladeinfrastruktur og nettoppgradering. Fylkesrådmannen peika på at følgjande forhold ville føre til auka driftskostnader:

- At dagens kontraktar er prisa lågt og gjev negativt resultat for operatør
- Overgang frå naturgass til biogass
- Krav om bruk av 100% fornybart drivstoff for øvrige bussar i Bergen nord og Bergen sentrum
- Krav til setebelte i alle bussar
- Auka leigesum for bussanlegga som inngår i kontrakten
- Krav om elektrifisering tilsvarende 10 linjer
- Krav om auka bruk av biogass i Bergen nord

Dagens årspris for Bergen sentrum (i tilsvarende kroneverdi som tilbodspris) er 250 MNOK. Med ny årspris for denne kontrakten på 280 MNOK gjev dette ein meirkostnad på 30 MNOK pr. år for denne kontrakten. Dagens årspris omsyntar imidlertid ikkje at linje 21 og 80 vert flytta frå Rutepakke Bergen sør til Rutepakke Bergen sentrum på tidspunktet kontrakten for Bergen sentrum startar opp. Det betyr at årsprisen for Rutepakke Bergen sør vert redusert med 33 MNOK frå 1. desember 2020. Totalt sett medfører den nye kontrakten for Bergen sentrum ein innsparing på 3 MNOK i høve dagens kontrakt.

Dagens årspris for Bergen nord og Osterøy (i tilsvarende kroneverdi som tilbodspris) er 292 MNOK. Når ny kontrakt for Rutepakke Bergen nord (inkludert Osterøy) gjev ein årspris på 330 MNOK, gjev dette ein meirkostnad på 38 MNOK per år for denne kontrakten.

Dei auka driftskostnadene for dei to kontraktane utgjer dermed om lag 35 MNOK per år. Netto investeringskostnadene for fylkeskommunen vil utgjere 27 MNOK. Meirkostnadene er såleis totalt sett lågare enn fylkesrådmannen sitt estimat.